

STEM FOR GAZA

– STEM SV



Fritt Palestina!

Israel sine brutale angrep på palestinarane i Gaza er eit folkemord og eit angrep på internasjonal rett. Folkemordet må stoppe!

Okkupasjonen og blokaden av Gaza har allereie vart i mange år. Den humanitære situasjonen i Gaza var allereie kritisk då angrepa starta i 2023. No er det katastrofe. Dagleg ser vi lidinga til Palestinske folk og barn. Verda kan ikkje lukke auga.

I skuggen av den katastrofale situasjonen i Gaza, har Israel også auka omfanget av militære operasjonar på Vestbreidda. Også her blir folk fordrevne frå heimane sine, og menneske blir drepne og skadde.

Noreg kan og bør gjere langt meir for å stanse den israelske krigsmaskina og støtta kampen til palestinarane for ein eigen stat. SV har fått fleirtal i Stortinget for å forby handel og næringsverksemd med selskap som bidreg til å halde oppe Israels ulovlege okkupasjon av palestinske område. Det er eit viktig steg – men SV vil at Noreg skal gå endå lenger. SV sviktar aldri Palestina.

SV krev:

- at oljefondet trekkjer seg ut av selskap som bidreg til Israels krigsbrotsverk og ulovlege okkupasjon
- at hjelpeorganisasjonar og all nødvendig nødhjelp slepp inn i Gaza
- fleire sanksjonar mot Israels krigsbrotsverk
- sterkare kontroll over norskproduserte våpen – norske våpen skal ikkje brukast i folkemord

Stem for Palestina – stem SV!

Sosialistisk Venstreparti

Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

**Meld deg inn
i SV her:**

